

# Beauty of Flowers



Photo Credit: 123RF

the gifted stationery Co Ltd

The Gifted Stationery Co Ltd
Bath, England.
www.thegiftedstationeryco.com

Syvde 9 mai 2015.

Kjære Torhild Widvey.

I dag er det konfirmasjon i Syvde. Eg har vore på overhøyringsgudstenesta tidlegare. Der er det spørsmål om sentrale ting i den kristne trua, Guds bod, artiklane, og sentrale bibelord. Og det er fornøyande å sitje å lytte til. Vi er mange i Noreg som har vakse opp med undervisning i Guds Ord.

Eg har tenkt på deg Widvey; tenkjer du nokon gong på Gud? Vi har lært Guds bod, 1. Du skal ikkje ha andre Gudar enn meg. 2. Du skal ikkje misbruke Guds namn. 3. Du skal halde kvildagen heilag o.s.v. Er Guds bod utan betydning for deg? Skjønar du ikkje kor du sårar mange når du går inn for søndagsopne butikkar?

Eg såg innlegg på dagsrevyen med Inge Lønning då den nye ekteskapslova vart vedteken. Han var opprørt og sint over slik ei løysje. Ekteskapet skal vere mellom 1 mann og 1 kvinne, slik er skaparordninga.

Vi skal snart feire 17. mai og synge fedrelandssongane. Blix sin vakre Gud signe vårt dyre fedreland og dei andre innhaldsrike f.l. songane har talt til meg. Men spesielt v. 6 i Blix sin song har talt til meg i det siste.

Vil Gud ikkje vere byggningsmann
vi fåfengt på huset byggja.
Vil Gud ikkje verja by og land
kan vaktmann oss ikkje tryggja
osv.

Kvifor skal vi vende oss bort frå Gud og Guds Ord, har det nokon gong ført velsigning med seg? Kvifor ikkje lytte til dei som har levd før oss – kunnskapsrike menn og kvinner?

Vil vi vende oss bort frå Gud, får vi lov til det. Men då må vi og ta konsekvensen av vårt val.

Eg er utdanna diakon og har jobba i helsesektoren i ei årrekke. Kva ser vi ikkje av fam. oppløysing, store behov for fosterheimar, overgrep og rusproblematikk i vår tid. Men vender vi oss til Gud ser eg at mange får hjelp. f.eks. Evangeliesentra m/Elise Karlsen.

Ein fjellvettregel lyder slik. Inga skam å snu. Den regelen kan ein og nytta i politikken. La oss verne om kvildagen. (Dei fleste i Noreg er enige i det). Inga skam å snu!

Med venleg helsing Oddmund Eikrem
6140 Syvde.